

1000,-
VÅRSØGPASSET

Billetter til sals

www.billettuka.no Tlf: 71 65 71 00
Vårsøgpasset gjev adgang til alle arrangement*
*unntake Vill vest i Vårsøglandet



20
år



For meir informasjon
varsoghelga.no



Vi er med å gjer dette muleg!



Gjensidige
Surnadal



(c) Håkon Bleken



Vårsøghelga

Surnadal 28. til 31. mai



TELLESBØ
Karosseri AS

Norbørst
Nordenfjeldske Børstefabrikk AS
www.norbørst.no

REMA 1000

Enge Blomster
BLUMSTER • BLOMSTER

møbel-fiske
SURNADAL AS • TLF 71 45 77 90

ELEKTRO AS
tlf: 71662352 fax: 71662350 mobil: 90022310
www.elektro.no

KIWI mini pris

TAKSTMANN
NILS HÅVAR ØYAS AS

qöa georg øye arkitektkontor as
www.goark.no
Tlf. 71 66 04 40

HammerStuene

Vårsøghelga 20

For tjuande gongen er det Vårsøghelg i Surnadal! Vi markerer det med eit makaluast festprogram med både store nasjonale namn og gode lokale storheiter på plakaten. Blant mykje spennande vil vi kanskje trekke fram utstillinga med Håkon Bleken, samt jubileumskonserten «Vårsøghelg 20 Vårsøg 70», som noko folk berre må få med seg. Henning Sommerro har mellom anna skreddarsydd eit verk til Trygve Brøske og Anders Larsen i høve jubileumskonserten, der òg Trondheim Symfoniorkester, Sigmund Groven og fleire blir sentrale. Denne konserten vil elles bestå av nordmørsk og norsk musikk av Henning Sommerro, Edvard Grieg og fleire.

Vi startar òg helga med norsk musikk og med lokal humor på «Vår kveld», som er ei vidareføring av humor/musikk-kvelden med lokale aktørar i teltet ifjor. Elles går det slag i slag, frå norsk bluegrass-musikk med Ola Kvernberg og co i kritikaroste Gammelgrass, via Lindemanforedrag og -konsert på Øverlandet, til vi rundar av det heile med ein storslagen kyrkjekonsert i Stangvik, med Nidarosdomens Guttekor på søndag. Og sjølvsaugt skal vi ha Kleivakveld i år òg. Etter å ha stått på ønskelista vår i fleir år, kjem endeleg sjølvaste Arve Tellefsen for å spele på den litt slitne men sjelefulle scena på Kleiva. Lurar på Kva Hans Hyldbakk hadde sagt om han hadde visst at Arve Tellefsen skulle spele på tunet hans.

For å ivareta arven etter Hans er ordet og språket viktig for Vårsøghelga. Vi har gleda av å samarbeide med Sunndal kommune og Sunndal mållag om eit språkseminar i år, og på fredag håpar vi på friske ordvekslingar når politikarar og andre, med fritt-talande Per Olav Lundteigen og Per Sandberg i spissen, skal diskutere

kommunereform under «Driva-debatten». Dei unge sine lyriske ord blir å høyre på Kleiva som vanleg, og er alltid noko av det som rører mest. Laget Vårsøg er stolt av å i år kunne gi ut den andre utgåva av boka «Dikt i Vårsøglandet», med over tre hundre dikt samt illustrasjonar av unge nordmøringar, frå desse årlege mønstringane.

Vårsøghelga er ei unik kulturhelg som ein ikkje kan sette i nokon bås. Kongstankane er å legge opp eit program med breidde i sjanger og form, med ordet og nynorsk i fokus, for både pub og kyrkjegangarar, frå vogge til grav. Vi har og skal ha lokalt, nasjonalt og internasjonalt snitt; noko proff og noko av amatør – helst saman, noko i sentrum og noko i grendene. Laget Vårsøg brukar mykje tid på å sy saman programmet under desse føresetnadane, og resultatet blir ofte noko heilt unikt for oss – vâryrt, vakkert og variert. Henning Sommerro har vore kunstnarisk leiar sidan oppstarten, og ein kan trygt seia at Vårsøghelga har vorte til i hans ånd – lika mangfaldig og spennande som musikken han skriv.

Tjue år med Vårsøghelg er, ikkje minst, eit stort og godt publikum, utallege timar av gode hjelparar og samarbeidspartnarar, gode kroner frå kommune, fylkeskommune, kulturråd og lokalt næringsliv. Ein massiv dugnad som er grunnmuren for eksistensen vår. På vegne av Vårsøghelga takkar vi for all støtte og gode ord!

Ein kan ein spørje seg om kva Vårsøghelga har betydd og om den har betydd noko som helst? Har Vårsøghelga levekår i tjuve nye år? Ja, det kan vi fundere på, men no gler vi oss i alle fall først til å markere dei tjuve som har gått.

Velkomen og god Vårsøghelg!

Helsing Gerd Ingrid Kvendset, Laget Vårsøg

LandbruksHuset
6600 Surnadal • Tlf 71 45 18 18

Næss Rør & Interiør AS
AUT. RØRLEGGERFORRETNING
6650 Surnadal

Sveen Auto

ANDERS GJERSTAD
BLIKKENSLAGERVERKSTED
6600 SURNADAL

Europpris

BM BYGGMAKNER
SURNADAL

T SYLTE BIL
6650 Surnadal - Tlf 71 66 08 84

expert

DATA SENTRET

TROLLHEIM
VEKST AS
- Mærnesket | sentrum -

Esso
Surnadal Servicesenter



Torsdag 28. mai

STOMPverkstad

Surnadal Kulturhus, kr 200 (billettsal i døra/faktura)
Rytmeverkstad for unge med Jimu Makurumbandi og Jo Inge Nes. Oppdrag: å lage kunstnarisk innslag til opninga av Vårsøghelga. Påmelding: varsog@varsoghelga.no

18.00 Opning av Vårsøghelga, kunstutstilling og boklansering

Surnadal Kulturhus, Finstuå og Focjéén
Salsutstilling av Håkon Bleken. Jimu Makurumbandi og Jo Inge Nes saman med unge verkstaddeltakarar frommar inn den tjuande vårsøghelga. Kiwi jubileumskake og kaffe. Lansering av boka Dikt frå Vårsøglanget, 2. utgåve, Laget Vårsøg.

20.00 Vår kveld

Surnadal Kulturhus, Vårsøgteltet kr 200 (billettsal i døra), 18 år.
Lokal scene med kortreist humor og musikk. Vi gjentek suksessen frå i fjor. Humordeltakarane konkurrerer om høgst desibel på gapskrattmålar. I år kjem sjølvaste berggynekolog Werner von Hølle, Rindal teaterlag, Rindalstrolla og mange fleire. Det blir Rock på norsk med Brage Einum, Lisa Botterli Flostrand, Jøran Normann, Sondre Skogseth og Odbjørn Sponås.

Fredag 29. mai

11.00 Tungtvatn og Kon-Tiki

Surnadal Kulturhus, Svorkasalen kr 150 (billettsal i døra)
Svein Sæter fortel om Knut Haugland, som deltok både på tungtvannsaksjonen og Kon-Tiki-ekspedisjonen. Først da han var 90 år fortalte Haugland om livet sitt. Resultatet av samarbeidet med Svein Sæter vart boka «Operatøren». For Eldre hjelper eldre og andre. Graft og bakels med kaffe blir servert.

12.00 Henningstimen

Surnadal Kulturhus, Storstuå
Henning Sommerro inviterer ungdomsskulen til ein annleis musikktime.

14.15 Drivdebatten: Kommunereformen - er lokaldemokratiet truga?

Surnadal Kulturhus, Svorkasalen
Per Sandberg (Frp) og Per Olaf Lundteigen (Sp) innleiar til debatt saman med eit skarpskodd panel.

18.00 Vårsøghelga 20, Vårsøg 70

Surnadal Kulturhus, Storstuå, kr 395 for vaksne / 150 for born
Jubileumskonserten vil bli ein norsk konsert. Edvard Fliflet Bræin, Edvard Grieg og Henning Sommerro står for komposisjonane. Med Henning Sommerro, Sigmund Groven, John Pål Inderberg, Anders Larsen, Trygve Brøske, Isa Katharina Gericke

pluss overrasking! Trondheim Symfoniorkester dirigert av Torodd Wigum stiller i toppform. Dette blir ein pangkonsert!

20.30 Vill vest i Vårsøglanget

Horisonten Saloon, Thon Hotel Vårsøg kr 495, 18 år.
Norskamerikansk folkknicht for skapcowboyar og smellvakre saloonladies. Gammalgrass spelar musikk i krysninga sørstatane og nordvestlandet med stjernetrioen Ola Kvernberg, Stian Carstensen og Ole Morten Vågan. Vi får Lenas saftige hamburgers and applepie og forteljingar frå leirbålet. Dresskode: Dongribrok med eller utan hatt.

22.00 Bluegrass

Surnadal Kulturhus, Vårsøgteltet kr 200 / kr 100 for dei som har vore på Vill vest i Vårsøglanget, 18 år.
Bluegrass med våre eigne Ola Langli og Kjetil Holden som kjem med bandet Persaunet Porch Pickers og spelar opp til ein livleg kveld med hæla i duken på vårsøgteltet.

Laurdag 30. mai

10.00 Torg

Surnadal Kulturhus, Vårsøgteltet
Gammaldags torg med lokal mat og handverk. Underhaldning, tevling og kaffesal.

11.00-14.00 Grenselaut språk

Surnadal Kulturhus, kr 500 inkl. lønsj og servering
Skriffkulturen i kommunane er hovudemnet på seminaret. Endringar i kommunane og nasjonale føringar i språkpolitikken er bakgrunnen. Per Olaf Lundteigen, stortingsrepresentant, og Ottar Grepstad, direktør i Nynorsk kultursentrum, er blant fleire innleiarar. Arr.: Sunndal Mållag i samarbeid med fleire. Påmelding til Nils Ulvund: nils.ulvund@sunndals.net / tlf.90027161

12.00 Barneteater: Arthur og den forsvunne sangen

Surnadal Kulturhus, Svorkasalen kr 100 / familiebillet kr 250 (2 born og 2 vaksne)
Familieforestilling for born i alle aldre. Arthur trur at han aldri vil få lov til å leke og ha det gøy, men så møter han den gamle dama som gir ham ei magisk gåve. Førestillinga blir formidla ved bruk av stemmen, harpe og fløyte og handlar om å samarbeide. Messosopran Mai-Britt Wognild og komponist, fløytist og harpist Marthe Belsvik Stavrum deltek.

15.00 Boksøg

Surnadal Kulturhus, Surnadal folkebibliotek, kr 150

18.00 Kleivakveld

Kleiva, ovafor Skei, kr 250 (vaksne), kr 100 (born) og kr 500 (familie, 2 vaksne og 2 born) - det er og sal opp til Kleiva Kleivakvelden har gebursdag! Laget Vårsøg med Henning Sommerro i spissen inviterer til ein minnerik Kleivakveld med Arve Tellefsen, John Pål Inderberg, Isa Katharina Gericke, Fjord og Fjell og Jimu Makurumbandi. Vårsøgdikt og Kleivapris.

20.00 Pubkveld med Fjord og Fjell

Surnadal Kulturhus, Vårsøgteltet, kr 200 / kr 100 for dei som har vore på Kleivakveld, 18 år.
Fjord og Fjell tek søget frå Kleiva vidare til dei små timar i Vårsøgteltet. Konsert med Fjord og Fjell som munnar ut i vårsøgjam. Alle er velkomne til å spele. Saman kan vi lage tidenes vårsøgjam!

Søndag 31. mai

12.00 Bondehuset Bokcafé: Slepp av Søyådalboka

Bondehuset i Stangvik, kr 250 inkl. lønsj og kunstnarisk innslag
Lars Steinar Ansnes, Erling Myrbostad og Torbjørn Polden gjev ut bok om Søyådalen.

15.00 Fred på jord

Stangvik kyrkje, kr 300 (vaksne) og kr 150 (born)
Nidarosdomens Guttekor med dirigent Bjørn Moe og organist Erling With Aasgård. Vakker og dramatisk kormusikk frå Sir Hubert Parrys "I was glad" til Arnold Schönbergs "Friede auf Erden". Edvard Griegs "Våren", og minnet om Knut Nystedt som nettopp gikk bort vil bli hedra med nokre av hans finaste motettar, m.a. "Peace". Det blir og verk av Jon Laukvik, John Rutter og Henry Balfour Gardiner.

18.00 Norsk musikk på Ole Andreas Lindemans tid

Øverlandet, kr 200
Ei musikalsk reise med Harald Herresthal, Isa Katharina Gericke og Trygve Brøske. «Da musikkpedagogen Lars Roverud i 1815 ville starte et statlig musikkonservatorium, hadde han tenkt at Ole Andreas Lindeman som den fremste musikeren i Norge skulle ansettes som lærer. O.A. Lindeman laget den første norske koralboken, og sønnene hans spilte en viktig rolle i Christianias musikkliv som organister og pedagoger. De samarbeidet med andre musikere, og i løpet av foredraget får vi høre sanger og klavermusikk av O.A. Lindeman, L.M. Lindeman, Waldemar Thrane, Lars Møller Ibsen og Halfdan Kjerulf. Bildet av norsk musikkliv fra denne perioden blir ikke fullstendig uten litt allsang!»

Kaffeslaberas

Vårsøghelga 2015 munnar ut i hagen på Øverlandet.